**Fra:** Per Sveinar Morsund
**Sendt:** tirsdag 25. august 2020 10:13
**Til:** 'Dag Unnar Mongstad'
**Emne:** SV: SV: SV: SETJEFYLKESMANN VEDRØRANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE

Hei,
Når det gjeld førespurnad om møte for å drøfte innhaldet i avslag frå Fylkesmann ser vi ikkje at det er grunnlag for eit slikt møte. Avslaget er uansett endeleg og kan ikkje klagast på.

Det kan likevel være hensiktsmessig med eit møte med kommunen på eit tidspunkt, men då med utgangspunkt i korleis du vil gå fram i ein eventuell ny søknad eller i forbindelse med oppstart av ein planprosess. Som nevnt i e-post 18.06.20 som eg sendte deg; «er ikkje kommunen nødvendigvis negativ til sjølve tiltaket, men meinte at tiltaket er for omfattande til at det kan gjerast gjennom dispensasjonar frå fleire gjeldande plan(ar).»

Om du ynskjer å gjennomføre alle tiltaka som du søkte om trur eg ikkje du har anna alternativ enn å få det til gjennom ein planprosess. Kanskje vil velforeninga gå saman om å prøve å få til ein ny plan/planendring for å få gjennomført fleire endringar innanfor planområdet?

Det kan hende administrasjonen kan være positive til å gje dispensasjon i ei byggesak dersom tiltaket og omfanget reduserast. Kor vidt det vil være mulig kan eg ikkje forskuttere, men om du ynskjer å få ein dialog i forhold til dette kan du for eksempel be om en førehandskonferanse med kommunen for å diskutere ein mulig framtidig søknad. Då kan du i førehandskonferansen be om å få ta opp innhaldet i avslag på førre søknad og få ein dialog med kommunen om det kan finnast rom for ein søknad med redusert omfang.

Førehandskonferanse kan du lese meir om og bestille via denne lenka:
https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/

Lykke til med prosessen vidare og eg håpar du kan finne ei løysing som kan være tenleg for deg

**Per Sveinar Morsund** | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 66

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no

ALVER
KOMMUNE

**Fra:** Dag Unnar Mongstad [mailto:dagum@online.no]
**Sendt:** torsdag 6. august 2020 13:42

**Til:** Per Sveinar Morsund
**Emne:** Re: SV: SV: SETJEFYLKESMANN VEDRÃ˜RANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE

Ferietida er etter kvart over og eg ventar svar på min førespurdnad om eit møte, sjå e-post under.

Helsing
Dag Unnar Mongstad

Den 02.07.2020 08:59, skrev Dag Unnar Mongstad:

> Eg vil ha eit møte med kommunen for å drøfta innhaldet i avslaga frå Fylkesmennene. Som du ser av mitt skriv til setjefylkesmannen stiller eg spørsmål med ein del av svara derifrå. Det er ikkje berre siste setning som avslag som gjeld, eg vil drøfta med kommunen dei påstandane eg meiner ikkje held.
>
> Helsing
> Dag Unnar Mongstad
>
> Den 01.07.2020 10:46, skrev Per Sveinar Morsund:
>
>> Hei,
>>
>> Eg tek ferie frå i dag og fram til 20.07.
>>
>> Kva er agenda for møte? Om det er informasjon om gjeldande føresegner for området og veiledning til byggesak kan du evt bestille førehandskonferanse her;
>>
>> https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/forehandskonferanse/
>>
>> **Per Sveinar Morsund** | rådgjevar byggesak
>>
>> **E-post**: per.sveinar.morsund@lindas.kommune.no |**Telefon**: +47 56 37 54 66
>> **Kundesenter**: +47 56 37 50 00 | **Heimeside**: www.lindas.kommune.no
>>
>> 

**Fra:** Dag Unnar Mongstad [mailto:dagum@online.no]
**Sendt:** tirsdag 30. juni 2020 14:21
**Til:** Postmottak Alver
**Kopi:** Per Sveinar Morsund
**Emne:** Fwd: SV: SETJEFYLKESMANN VEDRÃ˜RANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE

Med bakgrunn i denne saka vedrørande gnr. 123 bnr 45 ber eg om møte med Alver kommune.
Helsing
Dag Unnar Mongstad
E-post: dagum@online.no
Mobil 90933513

-------- Opprinnelig melding --------

**Emne:** SV: SETJEFYLKESMANN VEDRØRANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE
**Dato:** 18.06.2020 11:25
**Fra:** Per Sveinar Morsund <per.sveinar.morsund@alver.kommune.no>
**Til:** "dagum@online.no" <dagum@online.no>

Hei,

Som det går fram i brevet frå fylkesmannen er deira vedtak endeleg og kan ikkje klagast på. Om dei likevel svarer på spørsmål i saker der det er fatta eit endeleg vedtak kjenner eg ikkje til. Det er det berre fylkesmannen sjølv som kan svare på.

Alver kommune har også motteke kopi av brev frå velforening som er positiv til tiltaket ditt. På bagrunn av dette vil eg tilrå deg å gå saman med dei og heller jobbe mot og forsøke å få til ei planendring slik at tiltaket kan realiserast i samsvar med gjeldande plan. Som eg har forsøkt å kommunisere er ikkje kommunen nødvendigvis negativ til sjølve tiltaket, men meinte at tiltaket er for omfattande til at det kan gjerast gjennom dispensasjonar frå fleire gjeldande plan(ar).

Kanskje kan ein få til endå fleire ynskje endringar for området ved å fornye/utvide planen?

**Per Sveinar Morsund** | Rådgjevar Miljø og tilsyn

Telefon: 56 37 54 66

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

**Feil! Filnavn er ikke angitt.**

---

**Fra:** Postmottak Alver
**Sendt:** onsdag 17. juni 2020 08:40
**Til:** Post Alver teknisk
**Kopi:** Per Sveinar Morsund
**Emne:** VS: SETJEFYLKESMANN VEDRÃ˜RANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE

---

**Fra:** Dag Unnar Mongstad <dagum@online.no>
**Sendt:** tirsdag 16. juni 2020 21:22
**Til:** fmropost@fylkesmannen.no
**Kopi:** Postmottak Alver <post@alver.kommune.no>
**Emne:** Fwd: SETJEFYLKESMANN VEDRØRANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE

I dag er det 2 månadar sidan eg sendte denne e-posten med vedlegg til Fylkesmannen i Rogaland som setjefylkesmann på saka mi. Eg har ikkje fått svar frå dåkeendå. Eg trudde at offentlege etatar har maks 4 veker på seg på å svara på henvendelsar. Er det eg som tek feil eller er de Fylkesmannen som ikkje leverer etter regelverket?

Helsing
Dag Unnar Mongstad

-------- Opprinnelig melding --------

**Emne:** SETJEFYLKESMANN VEDRØRANDE GNR. 123, BNR. 45 ALVER KOMMUNE
**Dato:** 16.04.2020 09:58
**Fra:** Dag Unnar Mongstad <dagum@online.no>
**Til:** fmropost@fylkesmannen.no
**Kopi til:** post@alver.kommune.no

Tilsvar til Setjefylkesmannen i Rogaland si sak vedrørande

**"Klageavgjerd - dispensasjon og samtykke til kai, flytebrygge og tilkomstveg - gnr. 123, bnr. 45, Alver kommune - tiltakshavar: Dag Unnar Mongstad"**

**Dykkar referanse 2020/100**

Helsing
Dag Unnar Mongstad